



## Referat frå møte i Rådmannsforum

**Dato: Torsdag 09.01.2020**

**Tid: 10.00 – 14.00**

**Møtestad: Hangurstoppen, Voss**

**Rådmenn:** Geir Underhaug (Eidfjord), Ole-Jørgen Jondahl (Ullensvang kommune), Arild M Steine (Voss)

**Administrasjon:** Jostein Eitrheim, Hardangerrådet

**Forfall:** Anita Hesthamar (Kvam), Thore Hopperstad (Ulvik)

**Gjester:** Ole Bakkebø, Fylkesmannen i Vestland  
Øyvind Wæhle, Voss Gondol

### Møteinnkallinga er gjort i Outlook.

#### Agenda:

10.00 - 11.30 Orientering v/ Ole Bakkebø, Fylkesmannen

11.30 - 12.30 Lunsj

Overrekking av gåve frå rådmannsforum til tidlegare rådmann i Granvin Trude Hoflandsdal Letnes. Tidlegare rådmann i Ullensvang herad, Magnus Steigedal hadde ikkje høve til å vera tilstades og gåva vart motteken av rådmann i Ullensvang kommune, Ole-Jørgen Jondahl på vegne av Magnus.

12.30 - 13.00 Orientering forts.

13.00 - 14.00 Sakshandsaming

**MRK !** Innkalling og sakliste var opprinneleg sendt ut til rådmannsforum som skulle vore på Hangurstoppen 10.12.2019. Dette møtet vart avlyst p.g.a. dårlege vermeldingar og fare for uventa hendingar i Hardangerkommunane samt usikkerheit om Voss Gondol måtte innstilla pga sterk vind. Møtet vart bestemt flytta til 9.01.2020 med same møtestad og same sakliste.

#### Orienteringar:

##### 10.00 - 11.30 Visualisering av interkommunale samarbeid

v/ Ole Bakkebø, Fylkesmannen i Vestland

Ole Bakkebø orienterte om ny modell for visualisering av ulike interkommunale samarbeid som eksisterer i dei ulike regionar i Vestland fylke. Mange slike samarbeid er i endring som følgje av kommunereforma og regionreforma. Fram til no finst det ingen samla oversikt over kva samarbeid kvar kommune deltek i. Samarbeidsmodellar varierer og kan vera i form av IKS, vertskommunesamarbeid, eller andre selskapsformer. Det er også ei utvikling mot at små kommunar i større grad enn store søkjer samarbeid på område som krev stor grad av fagkompetanse. Både lovpålagte og ikkje lovpålagte oppgåver er tema for interkommunale samarbeid. Fylkesmannen arbeider med å framstilla ein modell for å visualisera desse samarbeida og framskaffa ein fullstendig oversikt over desse. Spådomen frå fylkesmannen er at dei små kommunane etterkvart må søkja meir samarbeid med andre kommunar for å løysa sine oppgåver. Krav til kompetanse og kapasitet vil gjera det naudsynt å sjå mot nye

og fleire samarbeid. Døme på område som er tema for samarbeid idag og vil verta det i framtida:

Interkommunalt arkiv, renovasjon, revisjon, næringsutvikling, legevakt, tannhelseteneste, psykolog, skattekontor, brannvern, feiing, veterinær, landbrukskontor, byggesakshandsaming, kart oppmåling og matrikkel, interkommunalt utval for akutt forureining (IUA), miljøretta helsevern, PPT, skjenkekontroll, krisesenter, barnevern, innkjøp.

Arbeidet med å framskaffa ein oversikt over alle samarbeid vil fortsetja i regi av fylkesmannen og ein ser føre seg at datagrunnlaget kan nyttast til analyse av framtidige scenario for kva typar interkommunale samarbeid som vil auka og finna faste modellar/selskapsformer i åra framover.

### **1230 - 13.00 Orientering om etableringa av Voss Gondol**

v/ Adm dir Øyvind Wæhle

Øyvind Wæhle orienterte om prosessen frå ide til realisering av Voss Gondol. Han orienterte om planprosessar og arbeidet med å skaffa finansiering av prosjektet. Fram til januar 2020 hadde trafikken med gondolbanen vore over det budsjetterte og ein ser lyst på framtida for anlegget.

#### **Sakliste:**

##### **RF-sak 01/20 Meldingar**

Ingen meldingar vart framlagde

##### **RF-sak 02/20 Strategiplan for nytt regionråd. Orientering om prosessen vidare v/ dagleg leiar**

Dagleg leiar orienterte om prosessen med strategiplan for nytt regionråd.

##### **RF-sak 03/20 Aktuelle administrative saker/prosessar i kvar kommune/herad. Orientering ved rådmennene**

Denne orienteringa utgår og vert teken opp i neste møte.

##### **RF-sak 04/20 Møteplan 2020**

Det vart vedteken slik møteplan for rådmannsforum i 2020:

Torsdag 23. april

Torsdag 3. september

Torsdag 26. november

##### **RF-sak 05/20 Drøftingssaker innmeldt ved starten av møtet.**

Ingen saker innmeldte.

Referent

Jostein Eitrheim

Hardangerrådet